



# Tilstandsrapport for grunnskulen i Ørsta kommune for skuleåret 2019-20

## 1. INNLEIING, SAMANDRAG OG MÅLSETTINGAR

### 1.1. INNLEIING

Opplæringslova fastset at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i grunnskulen i kommunen. Obligatoriske tema er læringsmiljø, læringsresultat og overgang frå grunnskule til vidaregåande skule. Tala er tekne frå skoleporten.no, KOSTRA og GSI (Grunnskulestatistikken, tal per 1.10. kvart år). Rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs kommunestyret, jf. opplæringslova §13-10 andre ledd, som ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet som er fastsett i opplæringslova.

Kravet til oppfølging/ internkontroll omfattar alle pliktene som ligg til skuleeigar etter lov og føreskrift, og er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer. Seksjonsleiar skule følgjer også opp på andre måtar, m.a. gjennom ein årleg styringsdialog med kvar skule. Gode kanalar inn til skulane har seksjonsleiaren også gjennom t.d. tett-på-samtalar og resultatsamtalar med rektor/einingsleiar, og også gjennom eit nært samarbeid med HTV for Utdanningsforbundet og Fagforbundet.

Når ein skal vurdere skulen, er det i hovudsak fire typar data som bør takast omsyn til:

- Data for elevane si læring
- Prosessdata (prosessar og program)
- Persepsjonsdata (m.a. Elevundersøkelsen)
- Demografiske data. (Reine sosioøkonomiske tilhøve, dvs utdanning og inntekt, har ofte ein tydeleg samanheng med elevresultat, t.d. snittresultat for nasjonale prøver for femte trinn. Det kunne kanskje tilseie at Volda sine resultat bør vere monaleg betre enn Ørsta sine under like økonomiske føresetnader, sidan utdanningsnivået blant Volda sine innbyggjarar er vesentleg høgare enn i Ørsta.)

Tala for skuleåret 2019-20 er [blåfarga](#) for tydelegheita sin del der resultata ikkje er fargekoda.

### 1.2. PUNKTVIS SAMANDRAG

- Ørstaskulen nærmar seg full **måloppnåing** iht verksemdsplanen for perioden. Vi arbeider også målretta for å nå dei andre måla som er nemnde i kap. 1.3.
- **Elevtalet i grunnskulen** er rimeleg stabilt. (2.1.1).
- **Den prosentvise delen av innbyggjarar i alderen 6-9 år i kommunal og privat SFO** har gått litt ned frå skuleåret 2018/19 til skuleåret 2019/20. Dette har m.a. samanheng med det ekstra store 2009-kullet som gjekk over i storskulen skuleåret 2019-2020. (2.1.1).
- **Prosent elevar som får skuleskyss** var skuleåret 2019-20 nokolunde det same som skuleåret før. (2.1.1).
- Vi hadde auke i **del elevar som får spesialundervisning** frå skuleåret 2015-16 til skuleåret 2017-18. Denne trenden kan sjå ut til å vere snudd. Ørstaskulen ligg no på 4,7 %, lågare enn alle samanlikningsgruppene. (Sjå vurderinga av dette under 2.1.2).
- **Del elevar som får særskilt norskopplæring** var skuleåret 2019-20 litt lågare enn dei to skuleåra før, men det same som skuleåret 2016-17. (Sjå tabell 2.1.2)
- **Den gjennomsnittlege gruppestorleiken for 1.-10. trinn** i Ørstaskulen har gått litt ned i høve til førre skuleår. Dette har i hovudsak samanheng med at mindre ressursar vert nytta til spesialundervisning, slik at meir dermed kan nyttast til tilpassa opplæring i den ordinære undervisninga. Lærarnorma og øyremerkte statlege styrkingsmidlar til tidleg innsats har også medverka. Øyremerkinga er no fjerna og midlane lagde inn i ramma. Dei står dermed i fare for å falle vekk i budsjetthandsaminga.

- **Kompetansen til lærarane i Ørstaskulen** er svært god (Sjå tabell 2.1.3)
- **Prosent deltidstilsette** (sjå tabell 2.1.3) går jamt og trutt nedover og er no lågare enn for Volda og Kostragruppe 10, jamt med gjennomsnittet i fylket og berre litt over gjennomsnittet for landet. Ørstaskulen er dermed på stø kurs mot heiltidskultur, ei gledeleg utvikling.
- **Tal assistentårsverk per 100 lærarårsverk** (sjå tabell 2.1.3) har gått ned samanlikna med tidlegare år. Dette har samanheng med innføring av lærarnorma, nedgangen i behovet for spesialundervisning og ein auke i åtferdsutfordringar mellom elevane, noko som aukar behovet i skulen for spesialkompetanse i form av miljøretteleiarar.
- **Driftsutgifter per elev/innbyggjar 6-15 år:** Ørsta kommune brukar framleis vesentleg mindre per elev i grunnskulen enn alle samanlikningsgruppene, dette trass i at utgiftsbehovet til grunnskuledrift samla sett er vesentleg høgare. Ørstaskulen er såleis særskilt kostnadseffektiv, også når ein set driftsutgiftene opp mot resultatata Ørstaskulen oppnår. (2.1.4).
- **Læringsmiljø: Elevundersøkinga 2019:** Ørstaskulen sine resultat ligg på eller over landssnittet på dei fleste einskildindikatorane både på 7. og 10. trinn. Vi er dermed samla sett nøgde med resultatet for Ørstaskulen. (Sjå 2.2.1- 2.2.3 og vedlegg 1).
- Resultatet i **nasjonale prøver** er samla sett godt. (Sjå 2.3.1.1.-2.3.1.4)
- Det vart våren 2020 pga Covid 19-pandemien ikkje avvikla **munnelege eller skriftleg eksamenar** for 10.klassingane skuleåret 2019-20. Gjennomsnittlege **standpunktarakterar** finn de i tabell 2.3.2.1.
- Vi er nøgde med **grunnskulepoeng** (tabell 2.3.3), **overgang frå grunnskule til VGO** i prosent (tabell 2.4.1) og **gjennomføringsgrad** (tabell 2.4.2)
- **System for oppfølging (internkontroll):** Generelle system for heile Ørsta kommune og system for Ørstaskulen spesielt er p.t. under revisjon. Sjå meir om dette under kap 3.
- **Covid 19-pandemien** medførte heimeskule og mange andre tiltak i skulen frå 13.mars og fram mot skuleslutt i juni. Gjennomføringa av tiltaka gjekk svært godt, men det står att å sjå korleis perioden har virka inn på læringsresultata til elevane fagleg og sosialt. (Sjå kap.4)
- **Tiltak for å stabilisere og forbetre resultatata ytterlegare:** Oversikt over dei viktigaste tiltaka finst i kap. 5.
- **Konklusjon:** Gjennom tett samarbeid i erfaringslæringsnettverk, gode prosessar i arbeidet med skule- og systemutvikling, tidleg innsats og støtte og hjelp der det trengst, har Ørstaskulen utvikla seg til ein effektiv, innovativ og engasjert organisasjon. Målrretta jobbing frå alle involverte må seiest å ha gitt resultat. Med mindre ressursar enn samanlikningsgruppene (og med mange av skulane i lokale som ikkje er godkjende når det gjeld det fysiske skulemiljøet), produserer Ørstaskulen stort sett berre **greie** eller **gode** resultat, både fagleg og sosialt. I denne situasjonen er det viktig å halde ein stø kurs slik at ein ikkje trøytar ut organisasjonen, særleg med tanke på den meirbelastninga som er påført personalet no under pandemien og etterverknader etter det. Og pandemien er heller ikkje over, vi arbeider framleis under strenge og arbeidskrevjande smitteverntiltak. Ein stø kurs krev gode og føreseielege rammefaktorar både på organisatorisk, økonomisk og pedagogisk plan, ikkje minst god nok lærartettleik i ordinær undervisning og også nok av andre nødvendige tilsettegrupper. Sjå utfyllande konklusjon i kap. 6.

### 1.3. MÅL FOR ØRSTASKULEN

I Samfunnsdelen av Kommuneplan for Ørsta 2012-2025 er der mange mål som kan knytast til skulen. To av hovudområda peikar direkte mot tenesta:

- **Ørsta har gode og samordna kommunale tenester**
- **Ørsta har attraktive skular, arenaer for utdanning og kompetanseutveksling.** Strategi for å lukkast: Legge til rette for førebyggjande tiltak for å hindre fråfall i skulen. (Om tiltak for å nå målet, sjå kap. 4.)

### VERKSEMDSPPLAN OG MÅLSTRUKTUR

Der er to langsiktige hovudmål for perioden 2015-2025:

☞ Ein kollektivt orientert skule med vekt på trivsel, meistring, medskaping, inkludering og lokal identitet.

☞ Ein skule der alle samhandlar systematisk for å betre eleven si læring og utvikling.

Verksemdsplanen er treårig og skal reviderast våren 2021.

Planen sitt sentrale fokus er **Eleven si læring, sosialt og fagleg**. Ein har plukka seg ut desse tre fokusområda for Ørstaskulen for skuleåra 2018-19, 2019-20 og 2020-21.

a) **Tidleg innsats gjennom nettverk.** Mål: Ørstaskulen samlar og samhandlar systematisk om kartlegging og tiltak på felles plattform.

*Dette målet må seiast å vere nådd, m.a. gjennom Ørstaskulen si eigenutvikla digitale systembok, som jamt vert vidareutvikla. Lærarane samarbeider også i ulike nettverk. Desse nettverka vert i skrivande stund reviderte. (Sjå elles andre tiltak under kap.4.)*

b) **Fagfornyninga.** Mål: Alle tilsette er rusta til å arbeide etter den nye læreplanen i 2020. (Merk: Ny nasjonal læreplan er innført frå og med hausten 2020. Der er ny overordna del og nye fagplanar i alle fag. Sjå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/>)

*Ørstaskulen har arbeidd systematisk fram mot hausten 2020. Vi er klare til å utforske det nye handlingsrommet som Fagfornyninga gir, m.a. opp mot tverrfaglege emne, meir praktisk tilrettelegging av opplæringa og større grad av djupnelæring. Lærarane nyttar Udir sitt planleggingsverktøy. Alle lærarane er i nettverk med lærarane i Hareid der de i arbeider opp mot Fagfornyninga saman med Høgskulen i Volda.*

c) **Profesjonsfagleg digital kompetanse(PfDK)/ mentor:** Mål:

- Over 50 % av lærarane i Ørstaskulane har teke mentorutdanning i løpet av desse tre åra (Merk: Alle skulane i Ørsta kommune er praksiskular for studentar ved lærarutdanninga ved Høgskulen i Volda).

*Her er skulane komne ulikt. Nokre er i mål, andre ikkje.*

- Alle lærarar i Ørstaskulen gjennomfører minimum 5 studiepoeng PfDK innan utgangen av skuleåret 2020/21.

*Dette målet vil vere nådd ved utgangen av planperioden. Det store fleirtalet av lærarane vil våren 2021 ha teke 10 stp. (Vi ser elles føre oss å kurse assistentar/fagarbeidarar/ miljøretteleiarar skuleåret 2021-22.)*

## 2. HOVUDOMRÅDE OG INDIKATORAR

### 2.2. ELEVAR OG PERSONALE

#### 2.1.1 Nøkkeltal for elevar i skule og SFO (- betyr at det er vanskeleg å finne samanliknbare tal)

| Skuleår                                     | 2016<br>-17 | 2017<br>-18 | 2018<br>-19 | 2019<br>-20 | Volda<br>2019<br>-20 | Kostra-<br>gr. 10<br>2019-20 | Møre og<br>Romsdal<br>2019-20 | Landet<br>u/Oslo<br>2019-20 |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|----------------------|------------------------------|-------------------------------|-----------------------------|
| Tal elevar 1. trinn                         | 128         | 125         | 134         | 123*        | 101                  | -                            | -                             | -                           |
| Tal elevar 1.-4. trinn<br>-komm. og private | 590         | 581         | 577         | 538         | 399                  | -                            | -                             | -                           |
| Tal elevar 1.-4. trinn<br>-kommunale        | 569         | 558         | 559*        | 524*        | -                    | -                            | -                             | -                           |
| Tal elevar 5.-7. trinn<br>-komm. og private | 364         | 400         | 415         | 466         | 365                  | -                            | -                             | -                           |
| Tal elevar 5.-7. trinn<br>-kommunale        | 351         | 381         | 400*        | 422*        | -                    | -                            | -                             | -                           |

|   |      |      |                |                |      |      |      |        |
|---|------|------|----------------|----------------|------|------|------|--------|
| Tal elevar 8.-10. tr.                     | 424  | 400  | 376*           | 367/<br>377*   | 351  | -    | -    | -      |
| Tal elevar 1.-10. trinn, kommunale        | 1344 | 1339 | 1326/<br>1335* | 1321/<br>1335* | 1103 | -    | -    | -      |
| Tal elevar privat grunn                   | 34   | 41   | 42             | 50             | 12   | -    | -    | -      |
| Prosent innb 6-9 år i kommunal SFO        | 46,1 | 48,9 | 48,8           | 44,4**         | 48,7 | 49   | 53,6 | 56     |
| Tal elevar i kommunal SFO                 | 275  | 287  | 283            | 240**          | 193  | -    | -    | -      |
| Prosent innb 6-9 år i kommunal+privat SFO | 47,6 | 51,1 | 51,2           | 47,7**         | 50,3 | 49,8 | 55,6 | 57,6,7 |
| Prosent elevar som får skuleskyss         | 26,3 | 24,5 | 25,7           | 24,9           | 15,4 | 30,3 | 27,2 | 23,0   |

\* Ved skuleårets slutt. (Andre tal stammar frå GSI-teljing per 01.10.19)

\*\* Nedgangen har truleg samanheng med det ekstra store 2009-kullet, som gjekk over i storskulen skuleåret til 2019-2020.

**Konklusjon:** Elevantala for grunnskule og SFO er rimeleg stabile.

### 2.1.2. Del elevar som får spesialundervisning/særskild norskundervisning

| Prosent elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, i % | Ørsta 2016-17 | Ørsta 2017-18 | Ørsta 2018-19 | Ørsta 2019-20 | Volda 2019-20 | Kostragr. 10 2019-20 | Møre og Romsdal 2019-20 | Landet u/Oslo 2019-20 |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|----------------------|-------------------------|-----------------------|
| 1.-4. trinn   | 4,4           | 6,9           | 3,3           | 2,8           | 5,3           | 4,9                  | 7,4                     | 5,2                   |
| 5.-7. trinn   | 7,4           | 7,8           | 6,0           | 6,4           | 9,0           | 9,2                  | 10,8                    | 9,1                   |
| 8.-10 trinn   | 11,1          | 13,0          | 7,7           | 5,4           | 8,0           | 9,9                  | 10,0                    | 9,8                   |
| 1.-10. trinn, grunnskule                                      | 7,3           | 8,9           | 5,3           | 4,7           | 7,4           | 7,7                  | 9,2                     | 7,8                   |
| % timar spesialunderv. av tal lærartimar totalt               | 15,2          | 16,0          | 14,1          | 13,5*         | 22,0*         | 18,2*                | 19,1*                   | 17,5*                 |
| Prosent elevar som får særskilt norskopplæring                | 3,9           | 4,0           | 3,3           | 3,3           | 3,9           | 3,3                  | 4,9                     | 4,9                   |
| % timar særsk. norskop. av lærartimar totalt                  | 2,3           | 2,9           | 2,7           | 2,3           | 2,9           | 2,6                  | 2,8                     | 2,9                   |

\* Prosent timar til spesialundervisning av tal lærartimar totalt: I Ørstaskulen utgjer dette 13,5 % av det samla lærartimetallet, vesentleg lågare enn for samanlikningsgruppene. Dette gjer at Ørstaskulen under elles like vilkår kan nytte mange fleire stillingar til tilpassa undervisning og tiltak til tidleg innsats i og rundt den ordinære undervisninga.

**Del elevar som får spesialundervisning:** Ørstaskulen ser skuleåret 2019-20 til å ha greidd å stabilisere prosenten av elevar som treng spesialundervisninga på eit lågt nivå iht til samanlikningsgruppene. Vi er nøgde med 4,7 %. Isolert sett kunne ein undre seg på om for få elevar får spesialundervisning. Men når ein ser dette saman med resultatet på nasjonale prøver der høvesvis få elevar endar på lågaste nivå (1), og med aukande lærartettleik i ordinær opplæring, vågar vi oss til å seie oss einige med Peder Haug i at god kvalitet i den ordinære undervisninga gjer behovet for spesialundervisning mindre. Det er slik at når talet på timar til spesialundervisning går ned, kan timeressursar overførast til styrking av ordinær, tilpassa undervisning. Dette aukar kapasiteten til og kvaliteten på tilpassinga ein greier å gjennomføre i ordinær undervisning, noko som gjer at færre elevar treng spesialundervisning. Det er her viktig å merke seg at spesialundervisninga i prinsippet skal ha eit kvalitativt anna innhald enn den ordinære undervisninga. Fleire elevar får dermed følgje det ordinære løpet. Det aukar også ofte elevens meistringskjensle og dermed kapasiteten til læring. Dette kan vere avgjerande for om dei greier å fullføre vidaregåande skule og kome seg ut i

arbeidslivet, noko som sjølvsagt er svært viktig for elevane sjølve, men minst like viktig for kommunen, som på denne måten kan spare mykje på NAV-kostnader i framtida.

Såleis ser det ut til at Ørstaskulen no er inne i ein positiv spiral. Denne utviklinga er vi svært glade for.

Omvendt vert det då slik at di meir av samla timeressurs (bestemt av seksjonen sitt budsjett) som vert borte pga bandlegging til timar iht individuelle rettar til spesialundervisning, særskild norskundervisning eller liknande (eller pga budsjettnedskjeringar), di mindre er det att til styrking av ordinær undervisning ut over lærarnorma, og di meir går kvaliteten av tilpassinga i den ordinære opplæringa ned. Dette rammar særleg små skular.

Sjå om seksjon Skule sine viktige lågterskel-tiltak for tidleg innsats (og Ørstaskulen sitt tryggleiksnett) i kap 5.

**Kommunal rapport sitt Kommunebarometer 2020 om spesialundervisning:** «Andelen elever med spesialundervisning er vesentlig høgere på 10. trinn enn på 1. trinn. Andelen elever i småskolen i Ørsta som fikk spesialundervisning i 2019 er 4,34%, mot 4,39% i 2018. På 5.-7. trinn får 6,91 prosent av elevane i Ørsta spesialundervisning. Landsgjennomsnittet er 10,49. På ungdomsskolen får 9,31 prosent av elevane i Ørsta spesialundervisning. Snittet for landet ligger på 11,12 prosent.» Verken landsgjennomsnittet eller tala for Ørstaskulen samsvarar med tilgjengelege KOSTRA-tal i tabellen ovanfor. Vi veit ikkje årsaka til dette. Desse tala er høgare, men tendensen er nokolunde den same.

Kommunebarometeret seier også at Ørstaskulen greier å løfte fleire elevar vekk frå nivå 1 (lågaste meistringsnivå) enn landssnittet, dvs å gi dei aller fleste elevane så god tilpassa undervisning at spesialundervisning vert unødvendig og elevane kan følgje den ordinære opplæringa.

**Den prosentvise delen elevar med særskild norskopplæring** var skuleåret 2019-20 omtrent den same som skuleåret før.

### 2.1.3. Nøkkeltal for lærar- og assistentstillingar

| Lærartettleik, kompetanse mm<br>(S) data frå Skoleporten, eller KOSTRA v/Framsiki | Ørsta 2016<br>-17 | Ørsta 2017<br>-18 | Ørsta 2018<br>-19 | Ørsta 2019<br>-20 | Volda 2019<br>-20 | Kostras Gr.10 2019<br>-20 | Møre & Romsdal 2019<br>-20 | Landet u/Oslo 2019<br>-20 |
|---|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|---------------------------|----------------------------|---------------------------|
| Lærarårsverk, avtalte årsverk grunnskule  | 133,0             | 138,4             | 135,8             | 144,9             | 136,7             | -                         | -                          | -                         |
| (S) Tal elevar per årsverk til underv.  | 11,6              | 10,9              | 11,0              | 10,7              | 10,4              | -                         | 10,8                       | 11,6                      |
| (S) Tal elevar per assistentårsverk i undervisninga                               | 85,7              | 69,2              | 76,3              | 80,1              | 64,6              | -                         | 53,9                       | 63,5                      |
| (S) Tal assistentårsverk per 100 lærarårsverk                                     | 12,1              | 14,4              | 13,2              | 11,8              | 14,9              | -                         | 17,7                       | -                         |
| Gjennomsnittleg gr.str. 1.-10.tr.= Lærartettleik                                  | 13,0              | 12,2              | 12,2              | 11,8              | 11,8              | 12,8                      | 12,1                       | 12,9                      |
| Lærartettleik 1.-4.tr   | 12,6              | 12,1              | 11,2              | 10,6              | 10,6              | 11,9                      | 11,0                       | 11,9                      |
| Lærartettleik 5.-7.tr   | 12,0              | 11,6              | 11,4              | 11,5              | 12,0              | 12,8                      | 11,9                       | 12,9                      |
| Lærartettleik 1.-7.tr   | 12,3              | 11,9              | 11,3              | 11,0              | 11,3              | -                         | -                          | -                         |
| Lærartettl. 8.-10.tr  | 14,4              | 13,0              | 14,7              | 14,2*             | 12,8              | 14,0                      | 13,8                       | 14,0                      |

|  |      |       |       |         |       |      |      |      |
|--|------|-------|-------|---------|-------|------|------|------|
| Lærartettleik i ordinær undervisning 1.-10.tr.       | 15,4 | 14,7  | 14,4  | 13,9**  | 15,1  | -    | -    | -    |
| % undervisning gitt av underv.pers. m. godkjend utd. | 99,0 | 99,7  | 99,7  | 99,2*** | 100   | -    | -    | -    |
| (S) Undervisningstimar totalt per elev               | 61   | 65    | 65    | 67      | 68    | -    | 66   | 62   |
| Avtalte lærarårsverk, grunnskulen                    | 144  | 148,3 | 148,1 | 151,4   | 136,7 | -    | -    | -    |
| Deltidstilsette, begge kjønn (%)                     | 47,3 | 33,9  | 31,1  | 27,1    | 31,6  | 28,7 | 27,1 | 26,9 |
| Avtalte assistentårsverk                             | 32,2 | 34,6  | 31,9  | 31,8    | 36,1  | -    | -    | -    |
| Tal assistentårsverk per 100 lærarårsverk            | 12,2 | 14,6  | 13,3  | 11,2    | 15,0  | -    | -    | -    |
| Avtalte årsverk, SFO                                 | 10,6 | 10,9  | 10,2  | 11,3    | 13,5  | -    | -    | -    |

\*Lærartettleiken på ungdomstrinnet er lågare enn for samanlikningsgruppene. Dette har vi freista å gjere noko med i tildelinga av ressursar til skuleåret 2020-21.

\*\* Når timetalet til spesialundervisning går ned, kan vi nytte meir til å styrke den ordinære undervisninga. (Sjå forklaring under 2.1.2) Dette syner att her.

\*\*\* **Kommunal rapport sitt Kommunebarometer om kompetansen til lærarane i Ørstaskulen:** «Andelen lærere som oppfyller kompetansekravene i norsk, engelsk og matematikk har økt nasjonalt de siste årene. 76.7 prosent av norsklærerne, matematikklærerne og engelsklærerne oppfylte i 2019 kompetansekravene i barneskoletrinnet (nasjonalt). I Ørsta oppfyller 92.17 dette kravet. En del lærere i barneskolen som underviser i norsk, engelsk og matematikk i kommunen mangler fordypning ifølge statistikken. På ungdomsskolen oppfyller 75.56 av lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning i fagene (nasjonalt). For denne kommunen er andelen 93.48.»

**Skoleporten.no** oppgir at prosenten for undervisning i Ørstaskulen gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning samla sette er 99,2 % i 2019, mot 99,7 % dei to åra før. Tala samsvarar såleis ikkje med tala i Kommunebarometeret. Dette kjem av at tala under \*\*\* i tabell 2.1.3 gjeld godkjend lærarutdanning (tilsettingskompetanse), ikkje undervisningskompetanse iht kompetansekrava, som er det Kommunebarometeret syner til. Alle lærarar må ha godkjend undervisningskompetanse iht kompetansekrava innan 2025. Ny kompetanseoversikt vil verte utarbeidd skuleåret 2020-21. Dette vil avgjere kven som får innvilga vidareutdanning i Kompetanse For Kvalitet i åra frametter.

**Lærartettleik** (= gjennomsnittleg gruppestorleik). **Den gjennomsnittlege gruppestorleiken for 1.-10. trinn** i Ørstaskulen i ordinær undervisning har gått litt ned i høve til førre skuleår. Dette har m.a. samanheng med mindre behov for timar til spesialundervisning og at ein dermed i staden har fått nytte meir timar til å styrke den ordinære undervisninga, men også med innføringa av lærarnorma med full verknad frå skuleåret 2019-20, noko som særleg gjorde det naudsynt å auke lærartettleiken i dei største barneskulane og Ørsta ungdomsskule for at drifta skulle vere etter lova. Gruppene er gjennomsnittleg litt mindre i ordinær undervisning enn i samanlikningsgruppene (unntatt Volda 1.-4. trinn). Gruppene på ungdomstrinnet i Ørstaskulen er større enn for samanlikningsgruppene. Dette har vi freista å gjere noko med i tildelinga av ressursar til Ørsta ungdomsskule for skuleåret 2020-21. Dei små skulane, særleg ungdomstrinna, treng større grunnressurs enn fulldelte skular for at opplæringa skal vere forsvarleg. Også sentrale, øyremerkte midlar til tidleg innsats har verka positivt. Desse er ikkje lenger øyremerkte, men lagde inn i kommunens ramme og kan dermed verte bortvalde i budsjetthandsaminga.

#### 2.1.4. Driftsutgifter til grunnskule og SFO

**Merk 1:** Midlane som går direkte til undervisninga ligg på funksjon 202. 215 syner utgifter til SFO, 223 utgifter til skyss, 222 utgifter til skulelokale og uteområde.

**Merk 2: Grunnskulen i Ørsta har eit vesentleg høgare utgiftsbehov enn samanlikningsgruppene med unntak av KOSTRA-gruppe 10 (Ørsta: 107,2%. Volda 104,7%. Kostragruppe 10: 107,2 %. Møre og Romsdal:104,4%. Landet utan Oslo: 102,4%. Heile landet: 100%. Ørstaskulen driv dermed endå rimelegare samanlikna med desse gruppene enn det ser ut til under. Kronebeløpa er ikkje justerte verken for utgiftsbehov eller for inflasjon med deflator.**

|   | Ørsta<br>2016-17 | Ørsta<br>2017-18  | Ørsta<br>2018-19  | Ørsta<br>2019-20  | Volda<br>2019-20  | Kostragr.<br>10<br>2019-19 | Møre og<br>Romsdal<br>2019-20 | Landet<br>u/ Oslo<br>2019-20 |
|---|------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|----------------------------|-------------------------------|------------------------------|
| a. Grunnskulesektoren prosentandel av kommunens korrigerede brutto driftsutg.                     | 23,0             | 23,1              | 22,6              | 22,2              | 22,7              | 24,2                       | 22,4                          | 22,7                         |
| b. Netto driftsutg. til grunnskulesektor (202,215,222,223) per innbyggjar 6-15 år                 | 97741*<br>100385 | 102918*<br>105148 | 105322*<br>108174 | 107431*<br>110263 | 130754*<br>132514 | 113224*<br>117514          | 119952*<br>123131             | 114067*<br>117308            |
| c. Korrigerede brutto driftsutg. til grunnskule (202) per elev                                    | 90653            | 95768             | 96123             | 99805             | 111556            | 105204                     | 109278                        | 103020                       |
| d. Netto driftsutg. til grunnskule (202) per innb. 6-15 år (kr)                                   | 83370            | 87898             | 90229             | 91625             | 102372            | 94724                      | 100087                        | 93466                        |
| e. Korrigerede brutto driftsutg. til grunnskule, skulelokale og skuleskyss (202,222,223) per elev | 107765           | 113144            | 113719            | 118353            | 138177            | 127616                     | 131286                        | 126222                       |
| f. Korrigerede brutto driftsutg. til SFO (215) pr komm. brukar (kr)                               | 21699            | 21943             | 23137             | 25671             | 41327             | 30465                      | 30568                         | 31957                        |
| g. Netto driftsutgifter SFO per innb. 6-9 år  | 795              | 477               | 1412              | 2015              | 10141             | 3778                       | 4870                          | 4875                         |
| h. Driftsutg. til inventar og utstyr (202) pr elev  | 1934             | 1033              | 999               | 888               | 542               | 937                        | 980                           | 1015                         |
| i. Driftsutg. til underv.-materiell (202) per elev  | 1717             | 1663              | 1449              | 1678              | 1196              | 1406                       | 1454                          | 1348                         |
| j. Korrigerede brutto driftsutg. til skulelokale (222) pr elev                                    | 15001            | 15240             | 15793             | 16003             | 24610             | 18949                      | 19595                         | 20754                        |
| k. Korrigerede brutto driftsutg. til skuleskyss (223) pr elev som får skuleskyss                  | 7747             | 8131              | 6998              | 9703              | 13412             | 10428                      | 8608                          | 10201                        |
| n. Skulelokale, areal per brukar (kvadratm.)  | 20,0             | 18,1              | 18,3              | 19,0              | 24,4              | 18,9                       | 20,3                          | 19,1                         |
| o. Netto driftsutg til skulelokale per innb   | 14637            | 14979             | 15600             | 15416             | 24137             | 18081                      | 18825                         | 19614                        |

\*Framsikt sine tal, dei andre tala i rada er KOSTRA sine.

**Rad a-e, driftsutgifter:** Grunnskulen i Ørsta brukar vesentleg mindre pengar enn samanlikningsgruppene både når det gjeld grunnskulesektorens prosentandel av korrigerede brutto driftsutg og brutto og netto driftsutgifter elles. Her er det såleis lite å spare på.

Rad f og g, SFO: Kommunen får ingen statlege tilskot til drift av SFO, og auka driftsutgifter inneber dermed også i 2019 subsidiering frå skulebudsjettet, dvs. midlar til lærartimar. Subsidiering har auka for kvart år, noko som syner att i netto driftsutgifter i rad g. Sidan langt frå alle innbyggjarane i denne aldersgruppa nyttar SFO-tibodet, er årleg kostnad per brukar vesentleg høgare enn dette. *Føresegnene for kommunen si skulefritidsordning vart reviderte skuleåret 2019-20.* Det vert spanande å sjå korleis ordninga etter dei nye vedtektene vil slå ut. Kommunen si minimumsplikt etter lova er: «*Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.*» (Opplæringslova §13-7)

Rad h og i: Desse postane vart skorne ned med vel 26 % i budsjettet for 2018 i høve til budsjettet for 2017. Nivået er framleis det same. Når dette ikkje syner att på same måte i rekneskapen, har dette samanheng med Ørstaskulen si digitale satsing og den svært store auken i utgifter til lisensar for programvare. I påvente av innføring av ny læreplan hausten 2020 har det siste åra ikkje vore kjøpt inn lærebøker med unntak av eingongsbøker i småskulen og nødvendig supplering. Noverande budsjett gir berre i svært liten grad rom for nye innkjøp av digitale eller analoge lærebøker som er forfatta med kompetansemål etter gjeldande læreplan/ Fagfornyninga. Å få lærebøker i alle fag etter ny læreplan vil innebære høvesvis store utgifter som må fordelast på budsjetta dei komande åra. Skuleåret 2020-21 vil i hovudsak verte nytta til å orientere seg i den marknaden av oppdaterte/nye læremiddel som no kjem, opprette faggrupper som skal finne dei mest tenlege læremidla for framtida, og pilotere moglege læremiddel slik at ein unngår dyre feilval.

#### **Vurdering 2.1.1-2.1.4.:**

**Ørsta kommune driv ein svært kostnadseffektiv grunnskule.** Tala snakkar elles for seg sjølve. Ørstaskulen brukar mykje mindre på grunnskulen generelt og også på sjølve undervisninga enn kommunegruppe 10, som det er mest naturleg å samanlikne seg med. Det same gjeld samanlikna med dei andre samanlikningsgruppene.

Tidleg innsats er avgjerande for å gi barn og unge ei opplæring som rustar dei for framtida. Det meste av seksjon Skule sitt budsjett går til løn. Skal budsjettet ned, betyr det at talet på lærarar og anna personale må ned. Det er viktig at elevtalet per lærar (= gruppestorleiken) ikkje aukar no når det endeleg har nådd eit gjennomsnittleg nivå. Eit stabilt og føreseieleg tal elevar per lærar, solid tilpassa opplæring og tidleg innsats vil dempe trongen for spesialundervisning, jf SPEED-forskninga til Peder Haug. Å kunne få den hjelpa ein treng innafor ramma av den ordinære undervisninga, gir også i dei fleste høve elevane ein betre sjanse til å oppleve meistringsskjensle, enn om dei vert tekne ut av fellesskapen og får ei opplæring som er kvalitativt annleis, noko spesialundervisninga skal vere.

Lærartettleiken spesielt på 1.-4. trinn har kome seg mykje dei siste åra etter at ein fekk statleg tilskot til tidleg innsats og m.a. nytta det til styrking i store førsteklasser. Dessverre har staten no kutta ut øyremerkinga og lagt summen inn i kommunen si ramme. Dermed risikerer seksjon Skule å misse nødvendige midlar til tidleg innsats dersom seksjon Skule sitt budsjett må ned i dei komande åra.

## **2.2. LÆRINGSMILJØ (sosial læring)- Resultat i frå Elevundersøkinga 7. og 10. årstrinn.**

### **Mål: Landsgjennomsnittet**

*Det er obligatorisk i Noreg å gjennomføre Elevundersøkinga for 7. og 10. trinn kvar haust i perioden oktober-desember. For å få vidt nok talmateriale og samanlikningsgrunnlag over år til å kunne arbeide systematisk med læringsmiljøet, samstundes som ein årleg berre byter ut kring 1/3 av informantgruppa, gjennomfører ein i Ørsta Elevundersøkinga på 5.-10. trinn, dvs seks av ti trinn. Dette gir grunnlag for tiltak på skulenivå. Berre resultatata frå 7. og 10. trinn er offentlege og samanliknbare med resultatata i landet elles. Resultatet for Ørstaskulen for hausten 2019 vart lagt fram for Levekårutvalet 11.03.20, sjå vedlegg 2.*

#### **2.2.1. Resultat for 7. trinn finn de her:**

<https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsmiljoe/elevundersoekelsen/oersta-kommune?orgaggr=a&kjonn=a&trinn=7&sammenstilling=1&fordeling=2>



### Vurdering 2.2.1, 7. trinn:

Ørstaskulen sine resultat på 7. trinn ligg over landssnittet i *Støtte frå lærarane* (4,5. Landsnitt 4,4).

Ørstaskulen sine resultat på 7. trinn ligg på landssnittet i *Elevdemokrati og medverknad* (3,8), *Felles reglar* (4,4), *Trivsel* (4,3), *Meistring* (4,0), *Motivasjon* (3,8), *Vurdering for læring* (3,9) og *Støtte heimanfrå* (4,3).

Ørstaskulen sine resultat på 7. trinn ligg under landssnittet i *Læringskultur* (ned frå 4,0 til 3,9. Landsnitt 4,0) og *Fagleg utfordring* (ned frå 4,2 til 3,9. Landsnitt 4,0).

**Kommunal rapport sitt Kommunebarometer:** «Ifølge Elevundersøkelsen sier 90 prosent av elevene på 7. trinn i at de trives godt. Snittet nasjonalt ligger på 85.76 prosent.»

For Ørstaskulen samla sett seier vi oss nøgde med resultatet for 7. trinn.

### 2.2.2. Resultat for 10. trinn finn de her:

<https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsmiljoe/elevundersoekelsen/oersta-kommune?orgaggr=a&kjonn=a&trinn=10&sammenstilling=1&fordeling=2>

### Vurdering 2.2.2, 10. trinn:

Ørstaskulen sine resultat på 10. trinn ligg over landssnittet i *Støtte frå lærarane* (4,5. Landsnitt 4,4), *Felles reglar* (4,2. Landsnitt 4,0), *Trivsel* (4,3. Landsnitt 4,1), *Utdanning- og yrkesrettleiing* (4,0. Landsnitt 3,8), *Støtte frå lærarane* (4,2. Landsnitt 4,0), *Motivasjon* (3,5. Landsnitt 3,4), *Vurdering for læring* (3,4. Landsnitt 3,3). Fleire av indikatorane syner ein forskjell på 0,2 poeng, slik at dei er statistisk reliable.

Ørstaskulen sine resultat på 10. trinn ligg på landssnittet i *Læringskultur* (3,8), *Fagleg utfordring* (4,3), *Meistring* (3,9) og *Støtte heimanfrå* (4,1).

Ørstaskulen sine resultat på 10. trinn ligg under landssnittet i *Elevdemokrati og medverknad* (3,3. Landsnitt 3,4).

For Ørstaskulen samla sett seier vi oss svært nøgde med resultatet for 10. trinn.

### 2.2.3. Mobbing

Tabellen viser den prosentvise delen av elevane som har svart at dei anten vert mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare. Obligatorisk på 7. og 10. trinn. Når det i tabellen er ei \* (=prikking), betyr det at talet er så lågt (1-4 elevar) at personar kan identifiserast dersom det vert offentleggjort, noko som dermed av personvernomsyn ikkje vert gjort synleg for nokon, heller ikkje skulekontoret eller rektor på skulen.

**Mål: Null mobbing.**

DEL ELEVAR SOM OPPLEVER MOBBING PÅ SKULEN:

|                           | Ørsta 2016 | Ørsta 2017 | Ørsta 2018 | Ørsta 2019 | K-10 2019 | Møre & Romsda 2019 | Noreg 2019 |
|---------------------------|------------|------------|------------|------------|-----------|--------------------|------------|
| Del elevar....., 7. trinn | 5,2        | 4,3        | 0,0        | 9,8        | -         | 5,9                | 7,1        |
| Del elevar..., 10. trinn  | *          | 5,2        | *          | *          | -         | 5,7                | 6,6        |

*Merknad til tabellen: Alle skulane med unnatak av ein har enten 0,0 eller prikking som resultat. Når resultatet ser slik ut som det gjer i tabellen, kjem det av at ein skule i perioden då undersøkinga vart gjennomført hadde ekstra utfordringar på sitt sjuande trinn. Denne skulen hadde både i 2017 og 2018 resultatet 0,0. Det vart sett inn fleire tiltak, noko som iflg ei intern undersøking og meldetal i 1310.no medførte stor betring.*

## Vurdering:

**Oppsummert for 7. og 10. trinn: Dei fleste resultatane er greie eller gode, utan dei store svingingane i oversiktsperioden. Vi er på stabil kurs med tanke på godt læringsmiljø, men ser at store kull med kompleks samansetnad i øvste del av grunnskulen krev høgare lærartettleik enn det no er rom for med tanke på nødvendig styrking i nedste halvdel.**

Vi seier oss så langt nokolunde nøgde med resultatet, men kan ikkje vere heilt nøgde før resultatet er 0,0. Vi held dermed fram arbeidet mot mobbing og anna negativt i læringsmiljøet med endå større kraft enn tidlegare, med m.a. prosjektet *Inkluderande barnehage- og skulemiljø, sjå kap 5*. Vårt fokus er å vidareutvikle eit inkluderande og godt læringsmiljø og å samarbeide med seksjon barnehage om dette.

**Oppsummert: Ørstaskulen er på rett kurs med tanke på godt læringsmiljø, men treng i stabile rammevilkår.**

## 2.3. RESULTAT, fagleg læring:

**Mål: Landsgjennomsnittet.**

### 2.3.1. Nasjonale prøver

#### **Måloppnåing nasjonale prøver:**

*Når nasjonale prøver skal brukast til kvalitetsutvikling, ser ein både på samla gjennomsnitt, nivå, enkeltresultat og utvikling over tid. Kulla varierer. Viktigare enn resultatet for eitt år, er tendensen over fleire år. Vi viser her tendensen dei siste 5 åra.*

*I tolkinga av alle slike resultatoversikter må det, slik ein no legg opp til sentralt med nasjonale prøver, takast omsyn til at tala på lokalt nivå er små statistisk sett. Resultatet vert difor rekna som greitt innafør eit standardavvik på 4-5 % i høve til landsnittet, dvs 2 poeng til kvar side. Greie resultat får gul farge, gode resultat (dvs landssnittet eller over) grøn farge, og resultat som krev særskild oppfølging, får rød farge.*

#### 2.3.1.1. **5.trinn, Ørsta:** (Resultatet gjeld alle elevar, både i privat og offentleg skule.)

*Landsgjennomsnittet for 5. trinn i engelsk, lesing og rekning er 50.*

#### Engelsk

| 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|------|------|------|------|------|
| 51   | 49   | 48   | 48   | 50   |

#### Lesing

| 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|------|------|------|------|------|
| 49   | 50   | 48   | 49   | 49   |

#### Rekning

| 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|------|------|------|------|------|
| 55   | 49   | 48   | 48   | 50   |

2.3.1.2. **8. trinn:** (Resultatet gjeld alle elevar, både i privat og offentleg skule.)

Landsgjennomsnittet for 8. trinn i engelsk, lesing og rekning er 50.

**Engelsk**

|      |      |      |      |      |
|------|------|------|------|------|
| 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
| 48   | 49   | 50   | 52   | 51   |

**Lesing**

|      |      |      |      |      |
|------|------|------|------|------|
| 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
| 47   | 50   | 50   | 52   | 50   |

**Rekning**

|      |      |      |      |      |
|------|------|------|------|------|
| 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
| 48   | 50   | 52   | 54   | 51   |

2.3.1.3. **NP-resultatet 8.trinn** (dvs etter fullført barneskule), samanlikna med relevante grupper:

| % elevar på meistringsnivå 3-5 (dei tre høgaste nivåa) | Ørsta 2016 -2017 | Ørsta 2017 -2018 | Ørsta 2018 -2019 | Ørsta 2019 -2020 | Volda 2019 -2020 | Møre & Romsdal 2018-19 | Alle skular landet 2018-19 |
|--|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------------|----------------------------|
| NP engelsk 8.trinn                                     | 71,7             | 69,5             | 83,7             | 77,3             | 74,5             | 73,2                   | 73,2                       |
| NP lesing, 8.trinn                                     | 73,3             | 76,5             | 87,8             | 75,8             | 80               | 75,3                   | 75,5                       |
| NP rekning, 8.trinn                                    | 71,3             | 75,0             | 87,2             | 76,0             | 69,8             | 68,2                   | 69,4                       |

2.3.1.4. **Nasjonale prøver, 9. trinn; Ørsta** (ikkje i engelsk på 9. trinn):

**Lesing**

Landsgjennomsnittet: 2015: 53, 2016: 54, 2017: 54, 2018: 53, 2019: 54

|      |      |      |      |      |
|------|------|------|------|------|
| 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
| 52   | 52   | 54   | 53   | 54   |

**Rekning**

Landsgjennomsnittet: 2015: 54, 2016: 54, 2017: 54, 2018: 54, 2019: 54

|      |      |      |      |      |
|------|------|------|------|------|
| 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
| 54   | 50   | 52   | 54   | 56   |

**Vurdering 2.3.1.1.-2.3.1.4.:**

Alle årets resultat **gode** (dei fleste) eller **greie** (lesing 5. trinn).

- For **femte trinn** er resultatet greitt i lesing, medan ein når landssnittet i engelsk og rekning. Det er verd å merke seg at dei siste kulla av femteklassingar byrja i grunnskulen på ei tid då

Ørstaskulen sine ressursar var svært nedpinte og mulighetene til tidleg innsats tilsvarande små. Dermed må ein seie seg nøgd med resultatet.

- På **åttande trinn** er resultatet godt, på høgd med eller 1 poeng over landssnittet i alle tre prøvene. Tabell 2.3.1.3 syner at resultatet ved inngangen til ungdomsskulen stort sett er betre enn resultatata til samanlikningsgruppene sine resultat for dei tre øvste nivåa. Men vi endå meir opptekne av kor stor del av elevane det er som endar på lågaste nivå (1), dette fordi elevar som ligg der også ved grunnskuleslutt, vil få utfordringar med å kome seg ut av vidaregåande skule med godkjent resultat, og med å skaffe seg ei utdanning og eit yrke å leve av. Den same tilnærminga har Kommunal Rapport sitt kommunebarometer. Sjå meir om dette under.
- **Niande trinn:** Elevane har halde lesenivået på landssnittet i høve til 8. trinn, dvs at i lesing lyfter opplæringa i Ørstaskulen elevane like mykje som for landssnittet frå åttande til niande trinn. Det er vi nøgde med.  
Når det gjeld rekning ligg elevane 2 p over landssnittet, medan dei låg 1 p over landssnittet som åttandeklassingar. Dermed har kullet vorte løfta meir enn gjennomsnittseleven i landet. Dette er vi svært nøgde med.

**Kommunal Rapport seier dette i Kommunebarometer for 2020, der grunnskulen i Ørsta totalt sett kom på 16. plass i landet:**

- **NP 5. trinn:** «I Ørsta ligger 25,6 prosent av elevene på 5. trinn de siste fire årene på laveste mestringsnivå (av tre) på nasjonale prøver. Normalen i Kommune-Norge er på 28,18.»
- **NP 8. trinn:** «På 8. trinn ligger 6,44 prosent av elevene på det nederste mestringsnivået (av fem nivåer). De beste kommunene ligger på 3,95 prosent, og gjennomsnittskommunen ligger på 9,91.»
- **NP 9. trinn:** «Fra 8. til 9. trinn vil normalt andelen på laveste mestringsnivå bli halvert fra 8. trinn. I Ørsta har 4,25 prosent ligget på laveste nivå de siste årene. Snittet nasjonalt er på 5,87 prosent.»

**Konklusjon:** Resultata må samla sett sjåast på som gode. Når det gjeld femte trinn, er vi nøgde med ein oppgang iht tidlegare år, og vi håper dette er ein trend som vil vare med tanke på at vi siste åra har greidd å finne midlar til å auke lærartettleiken på 1.-4. trinn, jfr tabell 2.1.3. Dersom lønsbudsjettet må skjerast ned komande år, er det ein fare for at trenden vil snu i negativ retning att.

### 2.3.2. Karakterar i norsk, matematikk og engelsk, 10. trinn

**Mål for Ørstaskulen: Landssnittet for skriftleg eksamen i norsk, engelsk og matematikk.**

*Det vart pga Covid 19-pandemien ikkje avvikla munnlege eller skriftleg eksamenar for 10. trinn skuleåret 2019-20.*

STANDPUNKTKARAKTERAR, 10. TRINN SKULEÅRET 2018-2019 (Tala er henta frå skoleporten.no )

| Fag                   | Ørsta 2016 | Ørsta 2017 | Ørsta 2018 | Ørsta 2019 | Ørsta 2020 | Volda 2020 | M&R 2020 | Noreg 2020 |
|-----------------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|----------|------------|
| <b>Norsk Hovudmål</b> | 4,0        | 4,0        | 3,9        | 3,9        | 4,0        | 4,0        | 4,0      | 4,0        |
| <b>Norsk Sidemål</b>  | 4,2        | 4,0        | 4,0        | 4,1        | 4,0        | 4,0        | 3,9      | 3,9        |
| <b>Norsk Munnleg</b>  | 4,3        | 4,4        | 4,3        | 4,3        | 4,3        | 4,3        | 4,3      | 4,4        |

|                          |     |     |     |     |     |     |     |     |
|--------------------------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|
| <b>Engelsk Skriftleg</b> | 4,4 | 4,0 | 4,2 | 4,2 | 3,9 | 4,3 | 4,1 | 4,1 |
| <b>Engelsk Munnleg</b>   | 4,4 | 4,2 | 4,5 | 4,4 | 4,1 | 4,4 | 4,3 | 4,4 |
| <b>Matematikk</b>        | 3,4 | 3,7 | 3,7 | 3,5 | 3,8 | 4,0 | 3,8 | 3,8 |

**Vurdering av gjennomsnittlege standpunktkarakterar:** Kulla varierer så mykje at ei samanlikning av gjennomsnittlege standpunktkarakterar iht tidlegare kull sine karakterar har lite føre seg. Ørsta skil seg samla sett lite frå samanlikningsgruppene, med mogleg unntak av engelsk.

### 2.3.3. Grunnskulepoeng

Resultatet for 2019-20 er samanlikna med landssnittet.

Grunnskulepoeng er summen av elevane sine avsluttande karakterar, dividert på tal karakterar og multiplisert med 10.

|                 | Ørsta<br>2015-<br>16 | Ørsta<br>2016-<br>17 | Ørsta<br>2017-<br>18 | Ørsta<br>2018-<br>19 | Ørsta<br>2019-<br>20 | Volda<br>2019<br>-20 | M&R<br>2019<br>-20 | Noreg<br>2019<br>-20 |
|-----------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|--------------------|----------------------|
| Grunnskulepoeng | 42,6                 | 41,9                 | 42,5                 | 42,4                 | 43,4                 | 42,9                 | 43,1               | 43,2                 |

**Vurdering 2.3.3:** Dette er vi nøgde med.

## 2.4. GJENNOMFØRING:

**Gjeldande lokale mål, Samfunnsdelen av Kommuneplanen:** Ørsta har attraktive skular, arenaer for utdanning og kompetanseutveksling, med m.a. denne strategien for å lukkast:

Legge til rette for førebyggjande tiltak for å hindre drop-out av skulen.

### 2.4.1. Overgang frå grunnskule til VGO, i prosent


✘ **Mål:** Landssnittet, men helst 100 %. (Kjelde: Skoleporten)

| % elevar med direkte overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring | Ørsta<br>2015-<br>16 | Ørsta<br>2016-<br>17 | Ørsta<br>2017-<br>18 | Ørsta<br>2018-<br>19 | Ørsta<br>2019-<br>20 | Volda<br>2019-<br>20 | M&R<br>2019-<br>20 | Nasjonalt<br>2019-20 |
|---|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|--------------------|----------------------|
|   | 99,3                 | 100                  | 99,3                 | 99,3                 | 100                  | Resultat finst ikkje | 98,3               | 98                   |

### Vurdering 2.4.1.:

Resultatet er godt. Det vert arbeidd grundig i skulane for å bu elevane inn mot overgangen til vidaregåande skule. LOS-en arbeider dessutan direkte for å hindre drop-out og bidreg dermed til det gode resultatet, saman med alle dei andre tiltaka som styrkjer fagleg og sosial læring og bidreg til tidleg innsats.

### 2.4.2. Gjennomføring i vg skule etter heimkommune, 2013-kullet



### Vurdering 2.4.2:

For nokre år sidan låg Ørsta her under både fylkessnittet og landssnittet. No ligg Ørsta over begge, midt i Sjustjerna. Dette er ei god utvikling. Sjå elles vurderinga til 2.4.1.

## 3. SYSTEM FOR OPPFØLGING (INTERNKONTROLL)

Systema både for Ørsta kommune generelt og Ørstaskulen spesielt er under endring. Når det gjeld avviksmelding og avvikskontroll, har Ørsta kommune til no nytta KF-kvalitet. Dette gjeld m.a. både byggmessige, faglege og HMS-avvik. Oppdrag som gjeld avvik i bygga (inkl reinhald), skal så meldast vidare i Famac. Ørstaskulen nyttar det skuleadministrative systemet til IST og har dei siste 2 åra dessutan arbeidd med å utvikle ei eiga digital systembok for Ørstaskulen. Også Ørstaskulen sin digitaliseringsstrategi (med oversikt over tiltak) held no på å bli utarbeidd og skal etter kvart finne sin plass i systemboka. Det same gjeld oversikt over Ørstaskulen sitt «tryggleiksnett». I systemboka skal alle system som gjeld Ørstaskulen kunne finnast av alle tilsette. Noko av det skal vere synleg for eksterne. Alt av rutinar, planar, årshjul, ROS-analysar, skjema, internkontroll osv er i dermed ferd med å verte lagde inn i den digitale systemboka, både det som er felles for Ørstaskulen og det som gjeld kvar einskild skule. Dette gjeld også ulike nettverk inkludert nettverkssamarbeidet med Hareidskulen om Fagfornyninga. Også samarbeidet med seksjon Barnehage om IBSM (Inkluderande barnehage- og skulemiljø) vil etter kvart finne sin plass der.

Læreplanane for grunnskulen i Noreg er nye frå og med august 2020, og Opplæringslova med føresegner er under revisjon. Også oppdraget til t.d. PPT, Statped m.fl. instansar ser ut til å verte endra, og dermed også det som vert forventa av grunnskulen. Dette gjer at mykje vil måtte endrast både i systemboka, våre malar i IST og våre rutinar iht samarbeidet med t.d. PPT når alt er ferdig frå departementet si side.

Systemet for oppfølging inkluderer skuleleiarmøte (1-2 g per måned), styringsdialog med skuleleiing, plangruppe og plasstillitsvalde (1 g per år), resultatdialog med rektorane (i sept kvart år) og tett-på-samtalar med rektorar og stab (om lag 4 g per år). I tillegg kjem dialogmøte med HTV for Utdanningsforbundet og Fagforbundet, der seksjonsleiar får mange viktige signal, og der ein vert einige om viktige kursendringar.

## 4. COVID 19

Skuleåret 2019-2020 har vore eit svært uvanleg skuleår der Covid 19-pandemien medførte at elevane måtte få opplæring heime store deler av våren. Ørstaskulen var rusta for dette, sidan alle elevar og lærarar har si eiga Chromebook og ein nyttar G Suite som læringsplattform. Der er det mange gode funksjonar både

for nettmøte, samskrivingsdokument, samarbeidslæring og mykje meir som trongdest. Lærarane var også i ferd med å ta 5 stp ved Høgskulen i Volda i *Profesjonsfagleg Digital Kompetanse* (jf eigen nasjonal rammeplan for forventningar til lærarane når det gjeld dette <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/profesjonsfaglig-digital-kompetanse/rammeverk-larerens-profesjonsfaglige-digitale-komp/>), noko som vart til stor hjelp i denne situasjonen. Men nokre av elevane trong støtte også på skulen, eller dei har foreldre med yrke i samfunnskritiske funksjonar. I løpet av perioden med heimeundervisning var det derfor mellom 40 og 50 elevar til stades i skulebygga i større eller mindre grad. Lærarane var opptekne med den digitale heimeundervisninga, noko som kravde ein arbeidsinnsats langt ut over det vanlege. På skulane ytte assistentar, fagarbeidarar, miljøretteleiarar, LOSen og skuleleiinga på same vis ein stor innsats. IT-avdelinga i kommunen hjelpte til med å skaffe nett-tilgang til heimar som mangla det. Takk til kvar og ein for ein ekstraordinær innsats. Men dette er ikkje over. Også på gult nivå ut over hausten 2020 vil ein måtte legge ned arbeid ut over det normale, og vi ser at det vil vere behov for tiltak for sårbare barn vidare.

Alle resultatane i tilstandsrapporten er frå skuleåret 2019-20 før heimeskuletida. Det vert spanande å sjå hausten 2020 korleis elevane i Ørstaskulen greier seg når det gjeld grunnleggande ferdigheiter i nasjonale prøver, og kva elevane melder i *Elevundersøkelsen*. Også *Foreldreundersøkelsen* og *Lærerundersøkelsen* vil gi viktig kunnskap om gjennomføringa. Uansett vil det ta tid å få oversikt over kva verknader våren 2020 har hatt på elevane si faglege og sosiale læring.

## 5. TILTAK FOR Å STABILISERE OG FORBETRE RESULTATA YTTERLEGARE

- a. **Tidleg innsats og stort fokus på tilpassa undervisning.** I løpet av dei siste åra har det vorte bygd opp eit tryggleiksnett for elevar, føresette og tilsette knytt til Ørstaskulen. Innanfor dette tryggleiksnettet er det viktig å nemne at seksjon Skule har valt å ha støttepersonell på lågt nivå i vår tiltakspyramide, stillingstyper/funksjonar som mange andre kommunar ikkje har:
- Logoped i 70% stilling gir oppfølging til mange barnehagebarn og elevar, noko som særleg førebyggjer lesevanskar.
  - LOS-en følger opp elevar ved uroande skulefråvær, noko som gjer at elevar i mindre grad fell av fagleg.
  - Ambulerande team (A-teamet) stiller raskt opp til observasjon og coaching ved melding frå skulane om behov for råd iht utfordringar (t.d. læringsmiljø) knytte til heile grupper. (A-teamet er i drift att hausten 2020 etter avgrensa drift deler av skuleåret 2019-20, m.a. pga Covid 19-pandemien). (Sjå vedlegg 3, flytskjema for A-teamet)
  - Ressursteam for barn og unge (individretta)
  - Alle skular har koordinatorar for tilpassa undervisning (også spesialundervisning) og minoritetsspråklege koordinatorar. Alt dette er særskilt viktig for at ein, slik lova krev, skal kunne yte tidleg innsats raskt når ein ser at det trengst.

Heile tryggleiksnettet skal synleggjerast digitalt i Systemboka for Ørstaskulen og også gjerast offentleg for ålmenta i løpet av skuleåret 2020-21, dersom vi finn kapasitet til det.

- b. **Systemarbeid** like viktig som individretta fokus i samarbeid med PPT (sjå flytskjema for samarbeid med PPT, vedlegg 4)
- c. **IBSM (Inkluderande barnehage- og skulemiljø):** Samarbeid med Fylkesmannen, Læringscenteret ved Universitetet i Stavanger og PPT (skuleåret 2019-20) for å få læringa og læringsmiljøet i klassa best mogleg for alle elevar. Etter kvart skal seksjon Barnehage i Ørsta og skular og barnehagar i Hareid knytast til.
- d. **1310.no** vart skuleåret 2019-20 teke i bruk som lågterskel meldesystem for ulike utfordringar med læringsmiljøet, inkludert mobbing. Frå og med skuleåret 2020-21 er 1310.no også teke i bruk som årshjul for skuleleiarane.
- e. **Vidareutvikling av Prosjekt Raudøya.** Skuleåret 2019-20 fekk om lag 30 elevar per veke frå fleire ulike skular både på barne- og ungdomstrinnet ta del. I skrivande stund er det pga smittevern-

- tiltak ikkje mogleg å blande elevar frå fleire skular, men prosjektet vil bli vidareutvikla. Det er søkt om skjønsmidlar frå Fylkesmannen til dette arbeidet. Vi håper å få til ulike praktiske opplegg knytt til m.a. Ungt Entreprenørskap. I tillegg planlegg vi eit lovpålagd undervisningsopplegg med 3 overnattingar. Frå og med våren 2021 skal dette vere lagt til 8. trinn, eventuelt hausten i 9. trinn. Vi vonar også å dekkje etterslepet før dei elevane det gjeld, går ut av 8. trinn.
- f. **Vidareutvikling av lærande nettverk på tvers av skulane.** Nettverka vil kunne gi auka kompetanse om tilpassa undervisning, slik at alle elevane opplever meistring og utfordringar tilpassa sitt nivå. Gode faglege innspel frå høgskule, Læringscenteret m.fl. på nettverksmøta/dialogseminara. Nettverka vert reviderte skuleåret 2020-21 og skal no omfatte (i tillegg til fagnettverk og nettverk saman med Hareid om Fagfornyninga):
- Nettverk for inkluderande læringsmiljø (Inkluderer også SIM= Skulens innsatsteam mot mobbing)
  - Nettverk for tilpassa opplæring
  - Nettverk for for minoritetsspråkleg opplæring (Inkluderer også SOL=Systematisk observasjon av lesing)
  - Digirådet, nettverk for digitale ressurslærarar (med revidert funksjonsomtale)
- g. Jamn **analyse av tilgjengelege data** og justering av kursen der det er nødvendig. Slik analyse vil m.a. danne bakgrunn for dei ulike skulane sine val av fokusområde i IBSM.
- h. Vidareutvikle **samarbeid med elevråd, FAU og skulemiljøutval** for å nytte dei ressursane som både elevane og foreldra har for å utvikle ein trygg og god skule med høgt læringsutbytte for elevane. Sjå elles <https://www.orsta.kommune.no/f/p15/i4bb33036-e4de-4f4d-89d7-93ea12616301/plan-for-trygt-og-godt-skulemiljo.pdf>
- i. Nytt høvet til kompetanseheving gjennom å oppmode til at fleire lærarar tek på seg sensorarbeid og får den skuleringa som følgjer med. Erfaringane som desse lærarane får med seg, må delast og etterlevast av resten av lærarkorpset.
- j. Profesjonsfagleg digital kompetanse (PFDK): Alle lærarane i Ørstaskulen tek også skuleåret 2020-21 5 stp PFDK ved Høgskulen i Volda.
- k. Tiltak som har vore skisserte i tidlegare tilstandsrapportar, er ikkje utdaterte.

## 6. KONKLUSJON

Som leiar for Ørstaskulen, vil eg i år, som i fjor, kome med ein svært kort konklusjon:

Ørstaskulen arbeider målretta på alle plan og baserer endringsarbeidet sitt på innsamla data av ulik art, t.d.:

- Data for elevane si læring
- Prosessdata (prosessar og program)
- Persepsjonsdata (m.a. Elevundersøkelsen)
- Demografiske data (elev-/klassesamansetnad)
- Økonomiske data

Gjennom tett samarbeid i erfaringslæringsnettverk, gode prosessar i arbeidet med skule- og systemutvikling, fokus på tidleg innsats og læringsmiljø, støtte og hjelp der det trengst, har Ørstaskulen utvikla seg til ein effektiv (også kostnadseffektiv), innovativ og engasjert organisasjon. Eg er utruleg stolt av mine tilsette på alle nivå, enten dei er ute i skulane eller på skulekontoret. Med vesentleg mindre ressursar enn samanlikningsgruppene per elev og i lokale som ikkje er godkjende når det gjeld det fysiske skulemiljøet (for fleire av skulane), produserer Ørstaskulen stort sett berre **greie** eller **gode** resultat, både fagleg og sosialt. Det står det respekt av. I denne samanhengen må det her nemnast at leiing og tilsette både på Sæbø, Ørsta ungdomsskule, Velle skule, Vikemarka skule og Ørsta opplæringscenter yter ekstra stor innsats både iht si deltaking i planlegginga av nye skulebygg og, for somme av desse skulane, iht å greie å gjennomføre den daglege drifta i altfor tronge lokale. Dette gjer dei med kvalitet, noko det står ekstra



stor respekt av, særleg med tanke på den meirbelastninga som personalet er påført av heimeskuletida og smitteverntiltaka pga pandemien.

Men skal denne gode utviklinga halde fram, er Ørstaskulen avhengig av stabile rammer som gir rom for det arbeidet som må gjerast. Kommunestyret og Levekårutvalet, som skuleeigar, har dei seinare åra vore ein interessert medspelar som har ynskt å styrke lærartettleiken i ordinær undervisning i retning gjennomsnittet for samanlikningsgruppene, eit nivå som no er nådd. Hovudårsaka til dette er på systemnivå: Når kvaliteten på den ordinære opplæringa er god, er det færre elevar som fell av og treng spesialundervisning. Når talet på timar som trengst til spesialundervisning går ned, kan timar overførast til styrking av ordinær, tilpassa undervisning, noko som igjen aukar både kapasiteten til og kvaliteten på tilpassinga ein greier å gjennomføre, og dermed reduserer den auka kvaliteten på tilpassinga igjen behovet for spesialundervisning. Det ser altså ut til at vi er inne i ein positiv spiral. Denne utviklinga er vi svært glade for. Vi vonar kommunen vil greie å stabilisere gruppestorleiken/ lærartettleiken på årets nivå. Det skal svært små reduksjonar til før kapasiteten til god tilpassa opplæring minskar i ei slik grad at timetalet som trengst til spesialundervisning igjen aukar, med det resultat at timane til tilpassa, ordinær undervisning minkar ytterlegare osb osb, og så er elevane i Ørstaskulen inne i ein heilt annan spiral som i alle fall ikkje medfører auka meistringskjensle. Å satse på born og unge vil kommunen tene på i det lange løp, sidan fleire vil greie å gjennomføre vidaregåande opplæring, skaffe seg eit yrke og verte økonomisk uavhengige. Eit godt tilbod for born og unge lokkar også nye innbyggjarar til kommunen.

Til slutt må det nemnast at Ørstaskulen ikkje fekk rammer i budsjettet for 2020 til å gjennomføre leirskule/undervisningsopplegg med tre overnattingar for elevane ein gong i løpet av grunnskulen, noko som er lovpålagd. Eit slikt opplegg vart difor heller ikkje gjennomført skuleåret 2019-2020. Eit eige opplegg er under planlegging og kostnadsutrekning for gjennomføring frå og med våren 2021, men då trengst der eigne midlar til dette.

**Oppsummert må Ørstaskulen i framtida ha økonomisk handlingsrom og kapasitet til å drive skule i tråd med lov og regelverk, og samstundes ha høve til å utvikle skulen med tanke på trivsel, godt læringsutbytte og fagleg framgang for elevane,- med KVALITET.**

Saman mot nye høgder.

*Ørsta 21.09.2020*

***Kirsti Øy Driveklepp***

*-Seksjonsleiar Skule*

## Vedlegg 1



## Elevundersøkinga 2019

**LÆRINGSMILJØ- Resultat i frå Elevundersøkinga 7. og 10. årstrinn.**

**Mål: Landsgjennomsnittet**

Sjuande og tiande trinn er obligatoriske for heile landet. I Tilstandsrapporten er det resultatata for desse kulla som vert presenterte, sidan vi samanliknar med landssnittet. For å få vidt nok talmateriale og samanlikningsgrunnlag over år, samstundes som ein årleg berre byter ut kring 1/3 av informantgruppa, gjennomfører ein i Ørsta Elevundersøkinga på 5.-10. trinn, dvs seks av ti trinn. Dette gir grunnlag for tiltak på skulenivå.

Merk: K-10 er resultat frå kommunegruppe 10 i KOSTRA.

Fargekode:   godt resultat   Greitt resultat   Krev ekstra tiltak

#### LÆRINGSKULTUR

|                          | Ørsta 2016 | Ørsta 2017 | Ørsta 2018 | Ørsta 2019 | K-10 2019 | Møre & Romsdal 2019 | Noreg 2019 |
|--------------------------|------------|------------|------------|------------|-----------|---------------------|------------|
| Læringskultur, 7. trinn  | 4,0        | 4,1        | 4,0        | 3,9        | 4,0       | 4,0                 | 4,0        |
| Læringskultur, 10. trinn | 4,2        | 3,9        | 4,0        | 3,8        | 3,7       | 3,8                 | 3,8        |

#### ELEVDEMOKRATI OG MEDVERKNAD

|  | Ørsta 2016 | Ørsta 2017 | Ørsta 2018 | Ørsta 2019 | K-10 2019 | Møre & Romsdal 2019 | Noreg 2019 |
|--|------------|------------|------------|------------|-----------|---------------------|------------|
| Elevdemokrati og medverknad, 7. trinn  | 3,5        | 3,8        | 4,0        | 3,8        | 3,8       | 3,7                 | 3,8        |
| Elevdemokrati og medverknad, 10. trinn | 3,6        | 3,6        | 3,5        | 3,3        | 3,4       | 3,3                 | 3,4        |

#### FAGLEG UTFORDRING

|                              | Ørsta 2016 | Ørsta 2017 | Ørsta 2018 | Ørsta 2019 | K-10 2019 | Møre & Romsdal 2019 | Noreg 2019 |
|------------------------------|------------|------------|------------|------------|-----------|---------------------|------------|
| Fagleg utfordring, 7. trinn  | 4,0        | 3,9        | 4,2        | 3,9        | 4,0       | 3,9                 | 4,0        |
| Fagleg utfordring, 10. trinn | 4,3        | 4,2        | 4,2        | 4,3        | 4,3       | 4,2                 | 4,3        |

#### FELLES REGLAR

|                          | Ørsta 2016 | Ørsta 2017 | Ørsta 2018 | Ørsta 2019 | K-10 2019 | Møre & Romsdal 2019 | Noreg 2019 |
|--------------------------|------------|------------|------------|------------|-----------|---------------------|------------|
| Felles reglar, 7. trinn  | 4,3        | 4,3        | 4,5        | 4,4        | 4,4       | 4,4                 | 4,4        |
| Felles reglar, 10. trinn | 4,2        | 4,1        | 4,2        | 4,2        | 4,0       | 4,0                 | 4,0        |

#### TRIVSEL

|                    | Ørsta 2016 | Ørsta 2017 | Ørsta 2018 | Ørsta 2019 | K-10 2019 | Møre & Romsdal 2019 | Noreg 2019 |
|--------------------|------------|------------|------------|------------|-----------|---------------------|------------|
| Trivsel, 7. trinn  | 4,2        | 4,4        | 4,3        | 4,3        | 4,2       | 4,2                 | 4,3        |
| Trivsel, 10. trinn | 4,2        | 4,1        | 4,2        | 4,3        | 4,1       | 4,2                 | 4,1        |

## MEISTRING

|                      | Ørsta<br>2016 | Ørsta<br>2017 | Ørsta<br>2018 | Ørsta<br>2019 | K-10<br>2019 | Møre &<br>Romsdal<br>2019 | Noreg<br>2019 |
|----------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|---------------------------|---------------|
| Meistring, 7. trinn  | 4,1           | 4,2           | 4,0           | 4,0           | 4,0          | 4,0                       | 4,0           |
| Meistring, 10. trinn | 4,0           | 4,0           | 4,1           | 3,9           | 3,9          | 3,9                       | 3,9           |

## UTDANNING OG YRKESRETTLING

|  | Ørsta<br>2016 | Ørsta<br>2017 | Ørsta<br>2018 | Ørsta<br>2019 | K-10<br>2019 | Møre &<br>Romsdal<br>2019 | Noreg<br>2019 |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|---------------------------|---------------|
| Utdanning og yrkesrettleing,<br>10.trinn | 4,0           | 3,9           | 3,9           | 4,0           | 3,9          | 3,9                       | 3,8           |

## STØTTE FRÅ LÆRARANE

|                               | Ørsta<br>2016 | Ørsta<br>2017 | Ørsta<br>2018 | Ørsta<br>2019 | K-10<br>2019 | Møre &<br>Romsdal<br>2019 | Noreg<br>2019 |
|-------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|---------------------------|---------------|
| Støtte frå lærarane, 7. trinn | 4,4           | 4,4           | 4,6           | 4,5           | 4,4          | 4,5                       | 4,4           |
| Støtte frå lærarane,10. trinn | 4,3           | 4,2           | 4,2           | 4,2           | 4,0          | 4,0                       | 4,0           |

## MOTIVASJON

|                      | Ørsta<br>2016 | Ørsta<br>2017 | Ørsta<br>2018 | Ørsta<br>2019 | K-10<br>2019 | Møre &<br>Romsdal<br>2019 | Noreg<br>2019 |
|----------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|---------------------------|---------------|
| Motivasjon, 7. trinn | 3,9           | 3,8           | 3,8           | 3,8           | 3,8          | 3,7                       | 3,8           |
| Motivasjon,10. trinn | 3,5           | 3,5           | 3,6           | 3,5           | 3,4          | 3,4                       | 3,4           |

## VURDERING FOR LÆRING

|                                 | Ørsta<br>2016 | Ørsta<br>2017 | Ørsta<br>2018 | Ørsta<br>2019 | K-10<br>2019 | Møre &<br>Romsdal<br>2019 | Noreg<br>2019 |
|---------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|---------------------------|---------------|
| Vurdering for læring, 7. trinn  | 3,9           | 3,9           | 3,9           | 3,9           | 3,9          | 3,8                       | 3,9           |
| Vurdering for læring, 10. trinn | 3,5           | 3,5           | 3,5           | 3,4           | 3,3          | 3,2                       | 3,3           |

## STØTTE HEIMANFRÅ

|                             | Ørsta<br>2016 | Ørsta<br>2017 | Ørsta<br>2018 | Ørsta<br>2019 | K-10<br>2019 | Møre &<br>Romsdal<br>2019 | Noreg<br>2019 |
|-----------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|---------------------------|---------------|
| Støtte heimanfrå , 7. trinn | 4,4           | 4,2           | 4,3           | 4,3           | 4,3          | 4,2                       | 4,3           |
| Støtte heimanfrå, 10. trinn | 4,1           | 3,9           | 4,2           | 4,1           | 4,1          | 4,0                       | 4,1           |

DEL ELEVAR SOM OPPLEVER MOBBING PÅ SKULEN:

Tabellen viser andelen elevar som svarar at dei vert mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare.


Resultatet viser ikkje dersom 1-4 elevar har svart at dei opplever mobbing ved skulen (merka \*).

|                           | Ørsta 2016 | Ørsta 2017 | Ørsta 2018 | Ørsta 2019 | K-10 2019 | Møre & Romsda 2019 | Noreg 2019 |
|---------------------------|------------|------------|------------|------------|-----------|--------------------|------------|
| Del elevar....., 7. trinn | 5,2        | 4,3        | 0,0        | 9,8        | -         | 5,9                | 7,1        |
| Del elevar..., 10. trinn  | *          | 5,2        | *          | *          | -         | 5,7                | 6,6        |


**Merk:** Til resultatet for 7. trinn: Alle skulane med unnatak av ein har enten 0,0 eller prikking som resultat. Når resultatet ser slik ut, kjem det av at ein skule i ein periode hadde ekstra utfordringar på sitt sjuande trinn. Denne skulen hadde både i 2017 og 2018 resultatet 0,0. Det har vorte sett inn fleire tiltak. Situasjonen er no mykje betre.

**Oppsummert:** Dei fleste resultatata er greie eller gode, utan dei store svingingane i oversiktsperioden. Vi er på stabil kurs med tanke på godt læringsmiljø, men ser at store kull med kompleks samansetnad i øvste del av grunnskulen nok krev høgare lærartettleik enn det det no er rom for med tanke på nødvendig styrking i nedste halvdel.

## Vedlegg 2



### Vedlegg 3



### Vedlegg 4

